

Skisse for mulig organisering av regionkommunen.

Organisasjonsoppbygging har betydning for kor dynamisk og handlekraftig ein organisasjon kan vere når det gjeld prosess kring avgjerder på den eine sida og omsynet til demokratisk medverknad på den andre. I ein ny organisasjon må det vektleggast å balansere ulike omsyn på ein hensiktsmessig måte.

Dagens kommunar har fleire fellestrekk i organisasjonsform, men er også til dels noko ulikt organisert og med ulike kulturar for politisk og administrativt arbeid og fordeling av ansvar. Når det gjeld politisk organisering har ein på den eine sida kommunar som Ålesund og Sula med mange fagutval, sektorvise utval/ komitear for behandling av saker. På den andre sida finn ein td Skodje som er organisert med ad-hoc komitear.

Administrativt har dei fleste kommunar no ein form for to – nivå modell med kommunalsjefar og underliggende verksemder. Ålesund har ein uttrykt bestillar-utførarmodell (New Public Management inspirert), andre kommunar liknar meir tradisjonell sektororganisering, medan td Haram har ei meir sektorovergrepande organisering med innslag av nettverks- og partnerskapsorganisering (New Public Leadership inspirert).

Når det skal etablerast ein ny kommune, bør organisasjonsforma også spegle det ein ønskjer å skal vere formålet med den nye kommunen. Styringsgruppa sitt grunnleggande perspektiv på at det skal skapast ei ny kommune, gjer at alle eksisterande strukturar og organisasjonsformer i utgangspunktet må leggest til side, og erstattast med noko nytt. Det er muleg å hente element av det beste frå dagens organisasjonar inn i ein ny, i kombinasjon med nye organisasjons- og arbeidsformer.

På grunnlag av SWOT-analysane, rapportar frå arbeidsgruppene og drøftingar i styringsgruppa vil det vere viktig å organisere og bygge opp ei ny kommune på prinsipp som kan forsterke mulegheitene og virke avbøtande mot truslane som er identifisert i prosessen.

Regionkommunen må etablerast gjennom å bygge opp ein ny organisasjon som tek i vare fleire omsyn:

- balansere mellom det kjente og det nye/ukjente
- ta omsyn til sentrum-periferi utfordringar
- balansere kompetanse, effektivitet og kvalitet mot behov for nærleik, lokalkunnskap og arbeidsplassfordeling
- kompensere for avstandsulemper og muleg demokratisk underskot
- vere styrings- og avgjerdsdyktig med avklart mynde og samtidig vere fleksibel, endringsdyktig og open mot samarbeid med eksterne aktørar
- Kommunen må vere organisert på ein hensiktsmessig måte for å ivareta forvaltnings- og tenesteytingsansvaret, samt omsynet til nærdemokrati.

Berende prinsipp: «Fastheit i kjernen, fridom i periferien, kjærleik til alt».

Ut frå drøftingane i prosessen så langt, kan det synast formålstenleg å etablere ein ny kommune med ein form for kommunedelsorganisasjon (politisk og administrativt) innan gjeldande lovverk. I dette vedlegget er det vist ei prinsippskisse på korleis ein kan tilnærme seg ei ny organisering basert på ei ordning med kommunedelsutval i samsvar med Kommuneleva§ 12:

§ 12. Kommunedelsutvalg

1. Kommunestyret kan selv opprette kommunedelsutvalg for deler av kommunen. Kommunestyret velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder.
2. Kommunestyret selv kan fatte vedtak om at medlemmene til ett eller flere kommunedelsutvalg i kommunen skal velges av innbyggerne i vedkommende kommunedel (direkte valg). Der medlemmene til kommunedelsutvalget er valgt ved direkte valg, velger utvalget selv leder og nestleder.
3. Kommunestyret fastsetter selv kommunedelsutvalgenes arbeidsoppgaver. Kommunedelsutvalg kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker vedrørende kommunedelen hvor ikke annet følger av lov.
4. Kommunedelsutvalget kan gi lederen, et arbeidsutvalg eller lederen av administrasjonen i kommunedelen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret har bestemt noe annet.
5. Kommunestyret kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge kommunedelsutvalg. Dette gjelder ikke når kommunedelsutvalget er valgt ved direkte valg.
6. For gjennomføringen av direkte valg til kommunedelsutvalg gjelder bestemmelsene i valgloven så langt de passer.
7. Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om direkte valg til kommunedelsutvalg.

Kommunestyret i den nye kommunen har avgjerdsmynde om å opprette / legge ned slike utval, kor mange slike utval det skal vere og det geografiske område for utvalet, samt ta stilling til ordning med direkte eller indirekte val av medlemmer.

Kommunedelsorganisasjonen kan i prinsippet delegerast avgjerdsmynde i alle saker som gjeld kommunedelen og som ikkje ved lov er lagt til anna organ. Overordna økonomiplanlegging og heilskapleg kommuneplan er saker som må ikkje kan delegerast. Delegert budsjettansvar og planar som gjeld kommunedelen kan derimot utøvast i kommunedelsorganisasjonen. Ei rekke saker etter særlovgiving kan også delegerast, men det må avvegast kva som er formålstenleg i forhold til å ivareta heilskapsomsynet og unngå for stor fragmentering i den nye organisasjonen.

I regionkommunen kan ein velje td å følge dei gamle kommunegrensene for inndeling i kommunedelar, eller ein kan velje større eller mindre område. Slike val bør byggje på kva ansvar og mynde som eventuelt skal leggest til kommunedelen. Dersom ein ønskjer ei slik løysing må det enten takast stilling til dette i forhandlingane om intensjonsavtale eller overlatast til nemnda i neste fase, å foreslå utvalsstruktur, oppgåver og medlemstal i kommunedelsutvala, samt kva basisoppgåver kommunedelsadministrasjonane skal ivareta. Det bør vere ein samanheng mellom den politiske og den administrative organiseringa og ansvarsområde.

Det må også skiljast mellom den lovmessige formelle og legitime organisasjons- og myndestrukturen og eit system som sikrar ikkje lovmessig pålagt medverknadsdemokrati og partnerskap/nettverksorganisering der det er hensiktsmessig og ønskeleg. I prinsippskissa er det vist eit døme på korleis dette kan gjerast som eit utgangspunkt for vidare diskusjonar der

- overordna og heilskapleg samfunnsoppgåver, «spesialisttenester», fellesadm, heilskapleg budsjett og strategisk planarbeid er tenkt lagt til kommunestyret / regionadministrasjon
- Ansvar for basistjenester til kommunedelnivå med kommunedelsutval / kommunedelsadministrasjon

Skisse Regionkommune Sunnmøre (inntil 13 kommunar)- dømme

